

KONTAKT

KYRKJEBLADET FOR MELAND · NR. 02/18 · 28. ÅRGANG



3-4

På heimegruppe-
besøk

6-7

Prostar i
vekslingsfeltet

8-9

Natteravnar
og -vandrarar

16

Tusen takk,
Torbjørn!



DEN NORSKE KYRKJA

Meland kyrkjelyd

Kontakt er kyrkjebladet for Meland kyrkjelyd. Det vert laga i samarbeid med Alversund, Seim, Lygra, Osterfjorden og Mo sokn. Kyrkjebladet kjem ut 4 gonger i året.

Bankgiro: 3632.07.04019 / Vipps 59301

Redaktør: Gunvor Taule Mjanger

Redaksjon: Stine Karin Sæle og Anne

Sofie Uthaug

Grafisk design: Reklamehuset AS

Trykk: Bodoni AS

Framsida: Jonathan Fosse Skeie var

Tårnagent i Meland kyrkje siste helga i april.

www.melandkyrkja.no

Adresse: Postboks 117, 5906 Frekhaug

Telefon: 56 17 14 80

Epost: post@melandkyrkja.no

Besøksadresse kontor og Møteplassen:

Havnevegen 31, Frekhaug.

Treffetid: Man., ons., fre. 12.00-15.00

Kontakttelefon ved krise: 954 83 874



Helge Hitland

Vikarprest - 905 75 780

helge.hitland@bkkfiber.no



Ruben Sæle

Diakon med ungdomsfokus

56 17 14 88 - rubensaele@melandkyrkja.no



Linda Gripsgård Lunga

Konsulent - 56 17 14 80

linda.lunga@melandkyrkja.no



Junji Furukawa

Kyrkjetenar - 467 97 567

junjif@sky.plala.or.jp



Anne Sofie Nergård Uthaug

Kyrkjeverje - 56 17 14 85

anne.uthaug@melandkyrkja.no



Trond Fykse

Kyrkjelydsmusikar - 56 17 14 83

trond.fykse@melandkyrkja.no



Anne Marit Fosse Dahle

Kyrkjelydspedagog - 56 17 14 82

anne.dahle@melandkyrkja.no



Regine Sagstad Berg

Soknerådsleiar - 993 24 460

reginesagstad@gmail.com

Bjørn Tore Sæle

Sokneprest (frå 1. august)

Eva Kristin Dale Wessman

Barnearbeidar (t.o.m. juli 2018)

eva.dale.wessman@melandkyrkja.no

Stine Karin Sæle

Husgruppekoordinator (t.o.m. juli 2018)

476 40 809 - stine.saele@melandkyrkja.no

Tankestrek

Av Ruben Sæle, diakon i Meland kyrkjelyd

Om indre uro og fuglekikking

«Ver ikkje urolege for livet, kva de skal eta, og kva de skal drikka, eller for kroppen, kva de skal kle dykk med. Sjå på fuglane! Sjå på liljene!»

Det er Jesus som seier det (Matt 6). Han ber oss ikkje uroe oss for mat, klede og anna vi treng for å leve. Kven har ikkje uroa seg for dette, sjølv i vårt velferdssamfunn? Kva skal vi ha til middag? Er skjorta framleis på moten? For mange er nok denne uroa meir bokstaveleg enn for oss: Får eg mat i dag? Sjølv om skapa våre er fulle av klede (og kanskje nettopp derfor?) kan vi bruke mykje energi på å finne noko å ha på. Og dette er av dei små tinga vi uroer oss for. Kva med dei store?

Det høyrer fint ut å sleppe å uroe seg for smått og stort, men korleis? Når ein fokuserer på kva ein ikkje skal gjere, endar ein ofte med å gjere nettopp det. Fokuset styrer handlinga. Derfor var det så frigjerande for meg å oppdage at Jesus gjev eit anna fokus: Sjå på fuglane! Sjå på liljene! Sjå på naturen! Utan at eg løfter ein finger finn fuglane mat, liljene veks og naturen yrer av liv. Bibelen er faktisk full av tekstar som viser til naturen. Himmelen fortel om Guds miskunn, og fjella fortel om Hans rettferd (Sal 36). Kanskje må vi faktisk gjere det Jesus seier for å få den ønskte gevinsten? Kanskje må vi bruke litt tid på fuglekikking for at uroa skal sleppe taket? Eller gå ein fjelltur for å lære meir om Guds rettferd? Vi i Meland kjenner vel ikkje til noko meir solid og trufast enn Eldsfjellet. Slik er også Guds rettferd. Tenk på det neste gong du står på toppen!

Men er det noko Jesus ikkje tok høgde for? Vi ser stadig fuglar og dyr som lid på grunn av oss. Plast i naturen har blitt ei kjempeutfordring – og ein stor grunn til uro. Eg meiner at vi må gjere to ting: Det eine er at plasten må ryddast bort! Ver med på strandryddedagar, eller engasjer deg på andre måtar for å halde skaparverket reint. Å gjere slikt er ei naturleg følge av det å tru på Skaparen. Det andre vi må gjere meir av er: ingenting! Når eg ikkje løfter ein finger, får fuglane mat, liljene veks og naturen yrer av liv. Uroa vår for mat, klede og stadig fleire ting øydelegg kloden. Men når eg gjer ingenting, har naturen det heilt fint. Kanskje har framleis det gamle kviledagsbodet noko å sei oss. I 2. Mos 20 står det at ikkje berre menneske skulle kvile, men også dyra skulle få kvile. Kanskje kan det vera eit mål for søndagen? Då kan vi la alt vera som det er og sjå på at fuglane finn seg mat, liljene veks og at naturen yrer av liv utan at eg løfter ein finger. Og så får vi gjere så godt vi kan dei andre seks dagane.



Følg oss på Facebook: @melandkyrkja



FAKTA

Heimegrupper

Grupper på 7-9 konfirmantar møtest i løpet av året til 4 samlingar heime hos folk i Meland kyrkjelyd. Kvar kveld har eit tema med samtaleopplegg, i tillegg til lek og noko å bite i.

Heimegruppe med konfirmantane

Tekst og foto: Stine Karin Sæle

HEIMEGRUPPER ER EIN DEL AV OPPLEGGET TIL ÅRETS KONFIRMANTAR. KONTAKT FEKK VERE FLOGE PÅ VEGGEN HOS EI AV DESSE GRUPPENE EIN KVELD I APRIL.

OPPVARMING

Tre av konfirmantane er allereie på plass i sofaen når eg kjem inn døra til den lyse og opne stova til Regine og Andreas Sagstad Berg. Det er gutane som er først ute, og dei er tydeleg spent på kveldens aktivitet som er ein Kahoot (quiz). Den skal handle om Markusevangeliet som dei har blitt oppfordra å lese før dagens samling. Gutane har varma opp med ulike strategiar. Ein har lest jamt, ein annan har lese mykje i siste liten for å hugse mest mogeleg i dag. Nokre har til og med varma opp med høgtlesing for kvarandre.

SOLSIKKENE VANN

Is, smågodt og kjeks vert ivrig fortært medan jentene etter kvart tek sin plass i sofaen. Etter ein kort velkomst frå vertane med introduksjon av kveldens «floge på veggen» er det klart for Kahoot. Mobiltelefonane, som ellers får ligge i fred resten av samlinga, loggar seg på og spenninga er til å ta og føle på. Lydnivået stig, dei jublar og sukker om ein annan.

Dei knivast om å halde på førsteplassen, og konfirmanten som har valt to solsikker som kallenamn går tidleg i leiinga. Siste spørsmål: «Kva er poenget med evangelia?» Dei to solsikkene svarar riktig på at det er å fortelje om Jesus, kven han var og kva han gjorde for oss, og stikk dermed av med sigeren.

Isboksen går ein ny runde medan konfirmantane deler erfaringane sine med å lese i Bibelen. Mykje er spennande, noko har dei høyrte før, noko er vanskeleg. Det er mange ukjende ord i Bibelen, noko leiar Regine kjenner att frå då ho sjølv tok til å lese Bibelen som konfirmant. «Forkynne» - veit de kva det er?», spør ho. «Kanskje å skynde seg», foreslår ein. Andre ristar på hovudet og seier dei ikkje veit. På trass av vanskelege ord vert dei einige om at Bibelen likevel har mange gode historier. Spesielt gjer det inntrykk at Jesus ofte ser ut til å bruke tid med dei som var sett ned på i samfunnet, dei som trong hjelp.

TEMA: JESUS. OG MYKJE ANNA

Tema for kvelden er Jesus. Samtalen rommar alt frå latterutbrudd til spørsmål og undring over store tema som vitenskap og kristen tru, Jesu liv, helbreding og Bibelen sitt

forts. neste side

truverd. Kveldens vertar stiller spørsmål, tar seg god tid til å lytte til konfirmantane og bruker villig seg sjølv som eksempel. «Kor ofte trur de eg les i Bibelen?» spør Regine med eit lurt smil om munnen. «Dagleg?» spør ein av konfirmantane. «Når du har tid og orkar», seier ein annan. Ein tredje meiner at ho las meir før, og mindre no. Dei lyttar når ho fortel om si reise med å bli kjend med Bibelen, ei bok ho knapt hadde rørt før ho sjølv var konfirmant.

Åtte biblar vert opna og ei likning frå Markusevangeliet vert lesen. Praten går, om såkornet, trua, tvilen, Jesus, kva det vil seie å vere kristen. Tida flyg, og etter kvart oppsummerer Andreas med å samle trådane: Same kva tema vi snakkar om, kjem vi tilbake til at trua på Jesus er det viktigaste, viktigare enn reglar og praksisar.

«KVIFOR BRUKAR DE TID PÅ DETTE?»

«Floga på veggen», som no har fått lov til å vere ein del av gjengen, nyttar høvet til å spørje konfirmantane korleis det er å vere i ei heimegruppe. Ei av jentene hadde høyrte rykte om at det var bra, medan dei fleste andre såg for seg at det var meir skuleaktig, at dei måtte sitje og høyre på medan leiarane underviste. Det er lett å sjå at røynda var betre enn forventa. Dei pratar saman, leikar og fekk dei to første kveldane servert nybakte bollar. Ein seier han gler seg fleire dagar på førehand.

Regine hugsar sjølv kor stort inntrykk det gjorde på henne å kome inn i ein heim i konfirmanttida. «Kvifor brukar de tid på dette? På oss?» spurte ho heimegruppeleiarane sine den gongen. I dag forstår dei to vertane våre kvifor, og det er ikkje første året dei tar imot ei gruppe konfirmantar. Ekteparet er sjølve ein del av ei husgruppe tilknytta kyrkjelyden, og ønskjer å gie konfirmantane ein smakebit av eit lite fellesskap der ein kan stille spørsmål og snakke om tru



Konfirmantane er fordelt i grupper som møtes i ulike heimar i kyrkjelyden.

og tvil. «Det er viktig for oss å vise dei at det å tru ikkje berre er noko du gjer i kyrkja.»

KNIPEBØN

Siste post på programmet er «knipebøn». Vi sit i ring og heldt kvarandre i hendene. Regine startar med å be nokre korte, enkle setningar og knip meg i handa som eit teikn på at eg kan be dersom eg ønsker det. Eg takkar Gud for konfirmantane og for gode samtalar og knip handa til nestemann. Og slik går runden rundt. Nokre ber, andre sender vidare. Det vert takka for ein fin kveld, det vert bede for skule og eksamen. Stemninga er alvorleg, men fin. Heilt til latteren bryt laus når ein av konfirmantane ber følgjande bøn: «Jesus, eg vil takke deg for ein fin kveld og god is, og eg ber om at vi får bollar neste gong.»

KONFIRMASJONSDATOAR 2018

Laurdag 8. september

Kl. 11.00

Rikard Mathias Gundersen
Malene Grønhaug Buen
Maria Austrheim Jordal
Sunniva Brakstad Traa
Helena Molvik Svanevik
Ling Michelle Aadahl
Katrine Salhus
Alvine Storheim Hellen
Herman Miljeteig
Sarah Josefine Etim
Ingrid Njøten
Birgitte Jordal
Tobias Storsæt
Solveig Kolstad Jensen
Eivind Flom Røstad

Kl. 13.00

Rakel Fløysand Berland
Synne Marie Io
Alette Tufte Einestrånd
Thea Johanne Walde Nilssveen
Kaisa Tolleshaug Johnsen
Tobias Tveita Blom
Stine Kvamsdal Iden
Cassandra Kvamme
Julie Anfinsen
Marte Husebø
Andrea Marie Sagstad Kjendal
Ida Odland
Synnøve Torpe Bødal
Sander Solsvik Jahren
Patrick Solsvik Jahren
Amund Fonnes Flaten

Søndag 9. september

Kl. 11.00

Isak Endresen Nesbø
Malin Thunold
Julie Skurtveit Rosnes
Rebecka Nyheim Vikøren
Lene Herland
Jonas Haukeland Tvedt

Laurdag 15. september

Kl. 11.00

Tobias William Meyer-Bogen
Mads Torry Borgstein
Even Erikstein
Vegard Dale Hella
Andrine Jacobsen
Andrine Heggernes Olsen
Amalie Våge
Maria Knudsen Håvik

Iselin Nærbo
Stefan Haugen
Camilla Haugen Ruskedal
Andreas Fjeldstad

Kl. 13.00

Emma Langhelle Sagstad
Maria Langhelle
Mats Thorgersen Sundby
Tobias Stokseth Veland
Bastian Andres Lagos Velasquez
Martine Sofie Hansen
Marius Thorvaldsen
Leander Vedå
Tommy Stigen
Torvald Sundin Vikane
Synne Erstad Matre
Lars Ådlandsvik Askeland
Beimba Charles

Frå kyrkjebenken

FAKTA

Tone Røyndal Kaalaas

Alder: 65

Bustad: Kålås, 5915Hjelmås

Sivilstatus: Gift, to vaksne gutar

Yrke: Pensjonert lærar



Tekst og foto: Gunvor Taule Mjanger

Kva kyrkje tilhøyrer du?

Hjelmås kapell og Ostereidet kyrkje, men eg går også til gudsteneste i Knarvik kyrkje.

Kor lenge har du vore aktiv i kyrkjelyden?

Eg har vore med sidan konfirmasjonsalderen, og her sidan eg kom hit i 1989.

Kva set du mest pris på ved kyrkjelyden?

Eg møter mange trivelege folk og vert godt tatt imot, sjølv om vi ikkje er omgangsvener. Det er eit fellesskap på tvers av alder og interesser.

Når kjem du til gudsteneste?

Eg likar å vera ute i god tid, så eg kjem gjerne ei stund før gudstenesta tar til.

Kvar i kyrkja sit du?

Heime i min barndom var det slik at kvinnene og mennene sat på kvar si side. Eg sit aldri på fremste benk, heller midt i.

Korleis vil du skildre kyrkja?

Det er godt å koma inn i kyrkjerommet, det estetiske opptar meg og gjer opplevinga rikare.

Kva salme syng du gjerne for tida?

Eg syng ikkje så mykje, men eg lyttar gjerne til dei. Eg er glad i både nye og gamle salmar, utan å ha ein favoritt.

Kva skulle du ønskja kyrkja gjorde meir av?

At alt det som skjer i kyrkjeleg regi av barne- og ungdomsarbeid også vert trekt inn i gudstenestene, i alle høve av og til. Og fleire temasamlingar, føredrag med etterfølgjande samtale, andre stader kallar dei det kyrkjeakademi.

Kva kjenneteiknar ein god kyrkjekaffi?

God kaffilukt og at folk tar seg tid til å møtast og prata saman. Det er ikkje så mange slike møteplassar i kyrkja, difor er kyrkjekaffien viktig for mange.



Prostar i vekslingsfeltet

Tekst: Gunvor Taule Mjanger og Geir Øy

Foto: Geir Øy

I JUNI ER DET VEKSLING MELLOM GAMAL OG NY PROST I NORDHORDLAND. ETTER 32 ÅR TAKKAR GEIR SØREBØ (70) AV SOM PROST, FØRST I YTRE SOGN OG SIDAN I NORDHORDLAND. INN KJEM HELGE TARANRØD (57), MED EIN VARIERT YRKES- OG LEIARBAKGRUNN. DEN NYE PROSTEN ER GIFT MED INTA TOVE. DEI HAR TO BARN, EIN SON PÅ 23 ÅR OG EI DOTTER PÅ 18 ÅR. FAMILIEN BUR PÅ LANDÅS I BERGEN.

– *Kva erfaringar har du som kan vere nyttige som prost i Nordhordland, Helge?*

– Først og fremst vil eg seie at eg kjem hit som prest. Det er grunntenesta også for ein prost. Eg vil peike på Jesus Kristus som frelsar og livgjevar. I dette vil eg vere på same laget som prestane og dei andre kyrkjeleg tilsette.

Vidare trur eg at det vil kome godt med den leiarerfaringa eg har frå bispedømmekontoret, sjømannskyrkja, og dei siste åra når eg har hatt leiing som fag. Eg har arbeidd mykje med rettleiing, er trygg i møte med ulike utfordringar. Eg trur eg har noko å bidra med der også, seier han.

PLANAR FOR FRAMTIDA

Sjølv om Geir Sørebo takkar av, kjem ikkje prestekjolen til å bli hengt i skapet for godt.

– Eg vonar å få vera prestevikar, og reiser gjerne til Nord-Norge. Der har det vore vanskeleg å få prestar nokre stader, seier han.

FAKTA

I den norske kyrkja har prestetenesta tre nivå. På grunnplanet har ein dei lokale prestane. Prosten er leiaren i eit prosti, og har ansvar for omlag 10-15 prestar. Biskopen i Bjørgvin er leiar for 11 prostar og omlag 160 prestar.

Geir Sørebo bur like ved Bjordal, på sørsida av Sognefjorden. På garden hans er det fleire bygningar som skal haldast i orden. Til hausten blir nok børsa tatt ned frå veggen igjen, sjølv om det kan bli færre jakturar enn før.

– Eg har hatt stor glede av å undervisa i hebraisk, som er det opprinnelege språket i Det gamle testamentet, på NLA Høgskolen det siste året. Å arbeida med bibeltekstane gjev stor glede. Det er viktig at nokon tar vare på den genuine kontakten med bibelordet.

MYKJE Å GLEDE SEG OVER

Kva gler du deg over i Nordhordland prosti når du no takkar av?

– For det første over at vi har eit så godt presteskap. Den nye prosten får eit godt team å samarbeida med. Det gleder meg også at vi har mange livskraftige kyrkjelydar. I Nordhordland er det også mykje kristen aktivitet utanom Den norske kyrkja. Det er flott å sjå, og det gleder meg at det er gode relasjonar til dei andre forsamlingane og arbeidet som skjer der.

Dette ser Helge Taranrød fram til å bli meir kjent med.

– Eg ser fram til å møte kyrkjeleg tilsette og frivillige i Nordhordland. Eg vil også prioritere å vere til stades på ei gudsteneste i kvar kyrkjelyd framover. Skal eg trekkje fram noko eg vil sjå særskilt etter, er det kontakten med konfirmantane. Evnar vi vere gode med konfirmantane, steller vi oss godt som kyrkje. Eg blir berørt og engasjert av born og unge i kyrkja, og er opptatt av at dei må få møte evangeliet om Jesus Kristus, seier han.

– Sidan eg i fleire år arbeidde i KFUK/M med base i Førde, har eg også vore opptatt av at også distrikta skal ha merksemd i kyrkja vår.

EI KYRKJE SOM ER RELEVANT

Både Sørebo og Taranrød erkjenner at gudstenesteforma i Den norske kyrkja ikkje treff dei yngre generasjonane godt. Dette er noko dei meiner at sokneråda og dei lokale stabane må vere medvitne om framover.

– Vi må ha fokus på det vi kan gjere noko med. Kyrkja må



I juni får Nordhordland prosti ny prost når Helge Taranrød (til høgre) tar over etter Geir Sørrebø.

vere oppsøkjande og ho må involvere på alle gode måtar. Dette gjeld også i gudstenestene, seier Helge Taranrød.

– Det er noko med at når eit barn ser eit anna barn som deltar på ei gudsteneste, så skjer det ei identifisering. Det same gjeld for ungdommar og vaksne, for menn og kvinner. Annleis enn før, kan gudstenesta ha deltakarar i ulike alder, seier Geir Sørrebø.

Og Helge Taranrød følger opp:

– Vi nå innsjå at monologane ikkje fungerer så godt som dei gjorde før. Forkynninga må ha eit dialogisk preg, det vil seie at det må vere større rom for spørsmål før ein kjem med svar.

ENDRINGAR PÅ 30 ÅR

Når Geir Sørrebø ser tilbake på tida som prest, har mykje endra seg.

– Før var presten mykje meir ein solospelar. No arbeider ein på lag med ein stab og med frivillige. Tilhøvet til arbeidstid er annleis. Før var presten 'på' heile tida. No er det ordna arbeidstid. I hovudsak er det ei forbetring.

Både den gamle og den nye presten ser med forventning på utviklinga for kyrkja i Nordhordland. Å bli god på å nytte tilknytingspunkta til folk er svært viktig for kyrkja i Nordhordland frametter, er dei to samde om.

Sommarleirar på Wallemtunet 2018

Sommarleir 7-10 år 24. – 26. juni

Pris: 700,-

Påmelding: bergen@sondagsskolen.no / 907 72 703

Påmeldingsfrist: 11.6.18

Familieleir 29. juni – 1. juli

Vaksen: kr. 700,-

4-12 år: kr. 500,-

0-3 år: Gratis



Kleopatra Bunadsaum

Hindenesvegen 106
5993 Ostereidet
tlf. 56 35 25 28
klebunad@gmail.com
www.klebunad.no

– Natteravnane

Tekst og foto: Arthur Kleiveland og Gunvor Taule Mjanger

– NATTERAVNANE OG NATTEVANDRARANE GJER EIN FLOTT JOBB, SEIER SVEIN ARNE HATLEVIK, FAGLEIAR I FØREBYGGANDE AVDELING I DEI NI KOMMUNANE UNDER NORDHORDLAND LENSMANNSDISTRIKT.

Hatlevik slår fast at dei har ein stjernestatus i kongeriket, lett gjenkjennelege i uniformane sine.

– Natteravnane er der for å hjelpa og skapa trygghet, og har i enkelte tilfelle ein avgjerande funksjon. Dei er kanskje den einaste vaksenkontakten ungdomane har denne kvelden. Dei møter ungdom med respekt og byggjer tillit, noko som gjer at ungdom i neste omgang lettare tar kontakt, seier Hatlevik.

Han synest det er prisverdig at foreldre og andre vaksne investerer i det aller viktigaste – nemleg barn og unge sitt oppvekstmiljø, og ikkje minst at dei også bryr seg om andre sine ungdommar.

Han understrekar at «ravnane» ikkje skal vera politiet sin forlenga arm. Men Hatlevik ser ein stor verdi i at det er vaksne personar som er ute og kjem i god dialog med dei unge der dei ferdist.

- Vi har sett at det kan bety ein god del i urolege miljø, seier han.

Kyrkjebladet har møtt natteravnane og -vandrarane på Ostereidet og på Frekhaug ein fredagskveld.

– Mykje kan løysast med ein god prat

DEI ØNSKER Å VERA MED OG GJERA EIN INNSATS FOR EIT TRYGT OG GODT OPPVEKSTMILJØ PÅ FREKHAUG. KENNETH HELLAND, SVEIN ÅGE RENHOLM OG KÅRE ØVREHUS HAR FÅTT PÅ SEG UNIFORMENE OG ER KLAR TIL JOBBEN SOM NATTEVANDRARAR DENNE FREDAGSKVELDEN, OG STARTAR UTANFOR MAX FITNESS I FREKHAUG SENTER.



Kåre Øvrehus, Svein Åge Renholm og Kenneth Helland (Frekhaug).

– Flott at nattevandrarane finst – det er greie folk, seier ein flokk ungdommar som nattevandrarane i Meland møter i Frekhaug senter. Her markerer Ung Meland eittårsdagen sin med tacofest og konsert med lokale aktørar i klubblokala i senteret. Her er det fullt hus med ungdom frå heile kommunen. Nattevandrarane stikk innom der dei veit ungdom samlast, og har alltid ei sløyfe oppom Esso-stasjonen.

– VI ER HER FOR UNGDOMANE

– Vi er der for ungdomane, anten dei ønskjer å prata, eller

at dei av ein eller annan grunn føler seg utrygge. Vi stiller opp for å gje ei hjelpande hand, seier Svein Åge, Kenneth og Kåre.

Dei reknar med å treffa på ein del ungdommar i løpet av kvelden. Nattevandrarane hevar ikkje peikefingeren til nokon, men er der for å skapa trygghet. Dei skal sjå og bli sett.

- Dei unge skal vita at vi er der, og dei skal oppleve det som trygt å ta kontakt med oss, seier trioene som er på vandring denne kvelden.

er viktige

Dei ønskjer å skapa tillit og på den måten førebygga situasjonar før det eventuelt oppstår konflikt.

- Det er mykje som kan løysast med ein god prat, understrekar dei.

ØNSKJER FLEIRE FORELDRE PÅ LAGET

Svein Åge Renholm skulle ønskt at fleire foreldre ville engasjera seg i det førebyggjande arbeidet som det er å vera nattervandarar – at fleire kunne gjera ein dugnadsinnsats for å vera med og skapa trygghet for barn og ungdom i lokalmiljøet.

- Det er for lett å tenkja at dette tar andre seg av, seier Renholm. Han rosar den jobben Frivilligsentralen med Nina Randal som dagleg leiar gjer for å rekruttera fleire nattervandarar. I dag er det mellom 30 og 40 personar på lista.

- Dess fleire vi er, dess fleire blir det å dela kveldane på. Dette er ikkje noko stort offer, vi har det kjekt ilag, seier han.

Svein Åge synest det er svært positivt at Meland kommune no har bestemt seg for å bygga om det gamle meieriet på Frekhaug til ungdoms- og kulturhus. Då håpar han verkeleg at foreldre stiller opp.

MEININGSFULLT OPPDRAG

Dei opplever det meningsfullt å gje noko tilbake til lokalsamfunnet, og i 23-tida er nattervandarane ferdig med oppdraget sitt denne kvelden.

FREDAGSKVELD PÅ OSTEREIDET

Kvar fredagskveld frå slutten av august til skuleslutt i juni møter natteravnar opp i kyrkjekjellaren på Ostereidet. Kvelden startar med ein kaffikopp, dei må få maskineriet i gong, som dei seier. Det er Jarle Eikanger, Roy Olav Førde og Endre Reigstad som har 'vakt' den fredagen vi er innom. Alle desse har vore med i fleire år. Fem namn står på lista til kvar fredag, kvart namn to-tre gongar i året frå kl 19.30 til ca kl 23.00. Ingen skal gå aleine, dei går alltid to og to, erfarne og



Jarle Eikanger, Roy Olav Førde og Endre Reigstad (Ostereidet).



Nikola Romarheim og Martin-Johan Heum.

nye saman. Det beste er å vera fire eller fem, det varierer kor ungdomane held seg, då er det greitt å kunna dela seg i fleire grupper. Dei tre karane seier det er veldig ok å vera med. Dei møter andre foreldre, blir betre kjende med dei og så får dei gå litt, greitt det også.

Det er Fredagskaféen, ein ungdomsklubb som har halde til i kyrkjekjellaren på Ostereidet sidan den var ferdig, som er grunnen til at natteravnane møtest her.

FORELDRE STILLER OPP


Det er foreldre til elevane på Ostereidet ungdomsskule, kvinner og menn, som går natteravn her. Grethe Hansen Stemland, leiar i styret og ansvarleg i mange år, fortel at føresette som har born på ungdomsskulen, får telefon med spørsmål om å vera med, noko dei fleste vil. Det er ein tryggleik for dei at nokon følgjer med og ser etter ungdomane når dei er på fredagskaféen. Dei går frå kyrkja, innom barne- og ungdomsskulen og opp til Ostereidet senter. Fredagskaféen er eit kjekt tilbud til ungdomane, og det vert mindre tull og tøys når det er vaksne som også er til stades. Dei ser det som eit felles ansvar at ungdomane har det trygt, og då må mange hjelpa til slik at dette vert mogeleg.

Nikola Romarheim og Martin-Johan Heum er to av ungdomane som er på fredagskafé denne kvelden. Dei meiner det er veldig viktig for miljøet rundt kaféen at natteravnane er der kvar gong.

Det var etter eit foreldremøte på Ostereidet ungdomsskule i 1998 der lensmannsetaten orienterte om tilfeller av rus i området at natteravnane vart starta, og sidan har dei vore trufaste i oppgåva si. Dei har årsmøte og styre, og Tryg forsikring betalar ein årleg sum til drifta.

NORDHORDLAND MC-RAVN

Roy Olav Førde er óg med i Nordhordland MC-Ravn, også dei ein del av Natteravnane i Norge. Vaksne som køyrer motorsykkel møtest kvar fredag kl 20 på Shell i Knarvik og køyrer rundt i distriktet der det er ungdomsklubbar, t.d. Ostereidet, Alversund og Frekhaug, av og til også til Åsane. Stemland seier det er flott å ha slike personar på vegane!

	Blix- pinse- salm	Gar- borg- figur	<u>høgtid</u>	lass- velt	like		lite barn	by i vest- Afrika	beger	↓	guds- tenes- telegg	↙	lben- figur bib.del
pinse- dagen													
planet						Tomas- hald- ning		kraft- kar- ved					
avl					ki.tøy ny komm.								tidl. parti
				prep.			far til Kristin (litt.)					flaska	
↗ for- fina	↓		mots. bjelke øy					fransk by fl.mål					↘
stad i Hard- anger				avis bib. konge			kyrkje- instru- ment		luft- støyt				liten bor
mat- rett						tre			kasta opp		bort ----- sal		
redd- harar						likt begge vegar		rista					
	↓		post scrip- tum		samt Afgha- nistan			jente- namn mål					
gram		musik. samle- stader											
	↘								slede				

Send heile kryssordet (evt. foto/scan) innan 1. juli til stine.saele@melandkyrkja.no eller i post til Meland kyrkjelyd, Postboks 117, 5906 Frekhaug. Premie: 1 kg nydregen ferskvassfisk.

Knarvik Blomsterstove 

Kvassnesvegen 11 – 5914 Isdalstø
Tlf: 56 35 62 20 – www.knarvikblomsterstove.no

NY STEIN - OPPUSSING - NAVNETILFØYING
Kontakt oss på forhånd i telefon og gjør avtale

VESTSTEIN - naturstein

5918 FREKHAUG - Mob.: 91 31 34 80

Vatne Begravelsesbyrå

Vi kan hjelpe til med rådgivning og tilrettelegging ved begravelser og bisettelser.

Døgnvakt 56 35 09 10
www.vatne-byra.no
Kvassnesvegen 11 • 5914 Isdalstø
Medlem av Virke Gravferd 

Nordhordland Begravelsesbyrå AS **VIRKE GRAVFERD**

Ring oss på tlf. 56 37 14 10 eller sjå www.nordh-bb.no *Stort utvalg i blomster og gravminne!*

KYRKJEVEGEN 1 5911 Alversund
FREKHAUG: Havnevegen 31, 5918 Frekhaug
AVD. VAKSDAL: Tlf. 56 99 25 70

Me går saman med deg heile vegen

Kulturkalender

5. juni

SOMMARKONSERT

Knarvik kyrkje tysdag 5. juni kl. 20

Sommarkonsert med Henning Sommerro og Alversund kammerkor.

10. juni

SOMMARKONSERT

Knarvik kyrkje søndag 10. juni kl. 17.30

Remedy ungdomskor har sommarkonsert med listepop, gamle hits, lovsang og dans. Gratis.

1. juli

MUSIKKGUDSTENESTE

Mo kyrkje søndag 1. juli kl. 17

Arrangementet markerer avslutning av Modalsdagane, og er eit samarbeid mellom Mo sokn og Modalen kommune. Musikalsk leiing: Kantor Boris Kuprijanov. Liturg: Torbjørn Aamli.

29. juli

DET TRADISJONELLE OLSOKSTEMNET

Fjon Fjellkyrkje søndag 29. juli kl. 18

Gudsteneste ved Jens Linde, servering av rømmegrout og kaffimat (kr 100,- Familie maks kr 300,-) og ulike program-innslag før kvelden vert avslutta med bålbrekking. Arr: Radøy Sokneråd/Styret for Fjon Fjellkyrkje.

24. august

NORDIC TENORS

Knarvik kyrkje fredag 24. august kl. 19

Billetter på www.ticketco.no og v/ inngangen.

Arr.: Musikkens Venner Nordhordland og Knarvikmila.

26. august

KYSTSOGEDAGANE, GUDSTENESTE

Holmeknappen søndag 26. august kl. 11

v/Bjørn Tore Sæle i samband med Kystsogedagane.

Sjå www.kystsogevakene.no for meir informasjon.

4. september

GRIEG COMPETITION

Knarvik kyrkje tysdag 4. september kl. 19

Konsert med unge musikarar frå ulike kantar av verda som er med i denne konkurransen i Bergen, og som gjev konsertar i distriktet samstundes. Svært høgt nivå!

Arr.: Musikkens Venner Nordhordland.

16. september

KLASSISK FESTKONSERT

Knarvik kyrkje søndag 16. september kl. 18

Kor, orkester og solistar.

23. september

KONSERT MED MARIA SOLHEIM

Knarvik kyrkje søndag 23. september kl. 19

Oppvarming ved May Sissel Rismyhr Jansen m/band.

Konsertkafé etter konserten.



Andakt ved
Nina Jenny Tresvik Monstad

Kor tid blir marka og lauv-trea grønne igjen? Spørsmålet undrar eg meg over kvar vår. Det brune, tørre graset og dei nakne kvistane ser livlause ut. Etterkvart som sola varmar, sprett friske, grønne skot. Bibelen startar med å beskrive at jorda var aude, tom og mørk. Når Guds ande svevde over vatnet, skapte det ei enorm

Guds skaparkraft

forvandling. Grønne vekstar skal gro og plantar setja frø (1. Mos. 1). Det visne graset som i løpet av våren blir til frodig eng, vert for meg ei påminning om Guds skaparkraft.

I Jes. 43:14 står det: «Sjå, eg gjer noko nytt. No spirer det fram. Merkar det de ikkje?» Eg vert utfordra av spørsmålet. Eg er overbevist om at Gud også skaper i oss og mellom oss, mykje meir enn me legg merke til.

Me kan gjerne ønskje at Gud skapar etter våre egne ønskje, men slik er det ikkje. Han ber oss først søke Guds rike (Mat.t 6:33). Det er Herren som er rik på kraft, og har ein forstand utan grenser. (Sal 147:5).

I tillegg til at Gud er Herren, er han også vår Far, jamfør likninga der Jesus fortel om faren som ventar. Faren spring den bortkomne sonen i møte. Samstundes var faren rikeleg raus mot sonen

som hadde tent han heime heile livet (Luk 15).

Gud har også gjeve oss fri-dom til å velje, eller ikkje velje, å nærme oss Han som Herre og Far. Tør me søkje Guds skaparkraft? Prioriterer me dette privilegiet, eller ikkje? Dersom me prøver å leggje merke til alt Gud skaper, på markene og lauv-trea, men ikkje minst i oss og rundt oss, trur eg me har veldig mange gode oppdagingar i vente!



Andrew er kokk på Lyngheisenteret på Lygra.

Denne retten serverer dei der, så de kan besøkje Lyngheisenteret og få den servert der, eller velja blant mange andre heimelaga rettar.

Han er 48 år og kjem frå London, er utdanna kokk og har budd i Norge sidan 2004. På Lyngheisenteret har han vore sidan 2005, først som vikar, så fast tilsett frå 2016.

Andrew har aldri skrivt ei oppskrift før, så han håpar det går bra. Han kan ikkje gje nøyaktig mengd av ingrediensane, det er gjort med følelse og han håpar at lesarane forstår det.

OPPSKRIFT

Villsausteik frå Lygra - langtidssteikt

Framgangsmåte

Denne oppskrifta fungerer greit med fleire typar steik.

Tin kjøtet godt. Finn fram grønsaker med god smak, t.d. sellerirot, gulrot, løk og pastinakk. Du treng ikkje skrella dei, men ein god vask er fornuftig. Del grønsakene i grove bitar. Lag ein marinade med gode urter, raudvin, salt og pepar, litt olje (utan smak) og eit laurbærblad eller to. Blod frå kjøtet kan også brukast i marinaden. Du kan også bruka einebær eller andre smakar du likar. Ha alt i ein pose, knyt den og gni marinaden godt inn i kjøtet. La det stå i kjøleskap over natta, di lengre, di betre, slik at smaken går godt inn i kjøtet.

Ta kjøtet ut av marinaden og steik det i omnen på 200 grader i 15 minutt. Skru så omnen ned til 85 grader og la døra stå



open slik at omnen avkjøler seg. Plasser kjøtet oppå alle grønsakene, ha i marinaden og langtidssteik det heile. Har du kjøttermometer, steik det til det er ca 65 grader i den tjukkaste delen. Ta steika ut og ha den i ein plastpose eller i 'cling film' slik at den får kvila ei stund.

Kok opp grønsaker og marinade og væska frå panna i ein kasserolle. Tilset kraft, helst frå kjøtbein, vin eller vatn slik at grønsakene er godt dekkja.



Lat det koka til grønsakene har mista fargen og er godt gjennomkokt. Sil av væska frå grønsakene og kok opp igjen. Tilset noko maizena eller anna tjukningsmiddel og juster smaken.

Kjøtet kan skjerast opp i passelege skiver og dekkast med sausen, eller den kan serverast heil med den gode sausen ved sida av.

Håpar det smakar!

KNARVIK 40 SENTER

Møteplassen for handel og kultur

SYSTEMHUS



TAULE
ING. TAULE AS

Kvassnesvegen 33, 5914 Isdalstø
Tlf: 56 35 85 55

Bestill en gratis huskatalog:
WWW.SYSTEMHUS.NO



MELAND ELEKTRO

AUTORISERT ELEKTROENTREPRENØR

Mjåtveitflaten 45 • 5918 FREKHAUG
Tlf 56 17 87 00 • post@melandelektro.no
www.melandelektro.no

HAGEL

AUTORISERT REGNSKAPSFØRERSKAP

SAMTALEPARTNER | BRANSJETEAM
DIGITALISERING | AUTOMATISERING

RING 56 35 55 80

Hos oss blir du alltid møtt med god kompetanse, gode råd og godt humør.

- Hagel AS, Hagellia 6, 5914 Isdalstø -

www.hagel.no

Ny sokneprest

Tekst: Anne Sofie Uthaug
Foto: Privat

Bjørn Tore Sæle er tilsett som ny sokneprest i Meland. Han kjem til å byrje i jobben med innsetjingsgudsteneste 24.juni, og er på kyrkjekontoret og i vanleg arbeid frå 1.august. Han har vore prest i Hardanger sidan 1996, frå 2007 som sokneprest i Eidfjord og Kinsarvik. Frå 1990-96 var han skuleungdomsprest i NKSS i Hordaland og Sogn og Fjordane. Bjørn Tore Sæle er 53 år, og oppveksten hadde han i Åsane. Han er gift med Elise Lindtner Sæle, og dei har tre vaksne søner. Bjørn Tore og kona er innstilt på å bu i Meland. Vi ønskjer han og familien hjarteleg velkomen til Meland!



Utleige av Møteplassen



På Møteplassen på Frekhaug Torg har vi eit nyoppussa lokale til leige for berre 1300 kr. Lokalet passar for selskap på opptil 40 personar.

Kjøkkenet er godt utstyrt med fint kvitt servise, steamer, kjøleskap, frysar, projektor og skjerm, høgtalarar og piano. For bestilling ta kontakt med Meland kyrkjekontor på e-post: post@melandkyrkja.no eller på tlf 56 17 14 80.

 SparebankenVest
REGION NORDHORDLAND

Ny i Meland kommune?

Du er hjarteleg velkommen til å bli med på samlingar og aktivitetar i regi av, eller i samarbeid med Meland kyrkjelyd.

Gudsteneste kvar søndag i Meland kyrkje kl. 11.00.

Treng du skyss til Meland kyrkje? Ta kontakt med kyrkje-kontoret 56 17 14 80.

Søndagsskolen Løvegjengen kvar søndag utanom skuleferiane og familiegudstener. Gruppe for barn under skulealder og skulebarn opp til 7. kl. Kontakt: Anne Marit Fosse Dahle, 93 61 13 11.

Norskurs for innvandrarar. Gratis norskurs, små grupper. Kvar onsdag kl. 18.00 – 19.30 på Møteplassen. Skyss for dei som treng. Kontakt: Brit Torun Hitland, 95 22 35 08.

Internasjonal kafe. Uformell treffplass, nokre gonger med litt program. Kvar onsdag kl. 19.30 – 21.00 på Møteplassen. Kontakt: Brit Torun Hitland, 95 22 35 08.

Open Møteplass. Open treffstad/kafé for dei som er heime på dagtid. Kvar mandag, onsdag og torsdag kl. 11.00-13.30 på Møteplassen. Kontakt: Marit Sæle, 40 47 35 20.

Småbarnstreff med baby-sang. Kvar tysdag kl. 11.00 – 13.00 på Møteplassen. Kontakt: Anne Marit Fosse Dahle, 93 61 13 11.

Felix Vocalis. Kor for vaksne. Øver annankvar tysdag kl. 20.00 - 22.00 på Møteplassen. Kontakt: Jannicke Wisløff Åsebø, 40 22 86 94.

Husgrupper. Smågrupper som møtest i heimar. Sosialt, samtale, måltid, bøn. Kontakt: Kyrkjekontoret, 56 17 14 80.

Seniors. Treffpunkt med program og middag på dagtid. Første torsdag i månaden kl.12 på folkehøgskulen. Samarbeid med Frekhaug indremisjon og Norkirken. Kontakt: Victor Bakke, 99 61 75 83.

Yngres Frekhaug. Aktivitetar, andakt og kiosk. For 5.-7. klassingar. Annankvar fredag kl. 18.30-21 på Frekhaug bedehus. Samarbeid med Norkirken og Frekhaug indremisjon. Kontakt: Ruben Sæle, 56 17 14 88.

SKrUL, ungdomsklubb for deg som går i 8. klasse og oppover. Kvar laurdag kl. 20.00 på Frekhaug Bedehus. Samarbeid med Frekhaug indremisjon. Kontakt: Ruben Sæle, 56 17 14 88.

Levande Lys. Barnekor for deg som har fylt 4 år og oppover. Øver annankvar onsdag kl. 17.30 – 18.30 på Frekhaug bedehus. Kontakt: Kamilla Strømsbo Dale, 47 30 65 24.

Strilongane. Barnekor for deg som er ca. 4 år og oppover. Øver kvar mandag kl. 17.45 – 18.30 på Rossland skule. Kontakt: Sandra Bruvik, 452 51 609.

Yngres Rossland. Aktivitetar, andakt og enkel matservering, Frå 3. klasse og oppover. Annankvar fredag kl. 18.00 – 19.30 på Rossland bedehus, Kontakt: Miriam Skurtveit, 94 84 69 96.

Søndagsskuleklubben. Aktivitetar og andakt. For barn til og med 2. klasse. Annankvar onsdag kl. 18.00 - 18.45 på Rossland bedehus. Kontakt: Annlaug Isdal, 99 47 03 09.

MEIR INFO:
WWW.MELANDKYRKJA.NO

Nytt frå stab og sokneråd

NY PRESTESTILLING I MELAND

Bispedømerådet og kyrkjelyden inngår i vår ein samarbeidsavtale om fullfinansiering av ei ny heil prestestilling. Det er lyst ut ei stilling som kapellan med spesiell vekt på arbeid mellom unge familiar, barn og unge med planlagt tilsetjing i juni. Meland kyrkjelyd vil omdisponere midlar frå gjevartenesta, men treng meir gjevarteneste for å

sikre stillinga for framtida. Meland kyrkjelyd sin andel er på 30 %.

NYTT OM KYRKJE PÅ FREKHAUG

I desember 2017 vart det klart at kommunestyret no ikkje ønskjer eit kombinert kyrkje/kulturbygg, men ei arbeidskyrkje, som det er sett av pengar til. I skrivande stund er det forhandlingar med kommuneadministrasjonen om ein avtale om finansiering av kyrkja på Frekhaug, og planen er vedtak i sokneråd og kommunestyre i mai/juni. I planane

no ligg det å skaffe kyrkja ei tomt i området Langelands-skogen/Frekhaug nord, som vil bli ei forlenging av sentrumsområdet på Frekhaug.

VIL DU BLI JOURNALIST? I KONTAKT?

Er du ei ung journalistspire som treng praksis? Eller ein godt vaksen person som ikkje får tilfredsstilt skrivekløa på annan måte? Vi treng fleire til Kontaktredaksjonen (ulønna arbeid). Ta kontakt med Stine Karin eller Anne Sofie på kyrkjekontoret viss du vil vite meir.

HAR DU SLEKT GRAVLAGT PÅ OSTERØY?

Har du ei grav på Hosanger eller Hamre? Har det komen ein raud lapp på grava? Då bør du ta kontakt med kyrkjevevja på Osterøy 56192280/ kyrkje@osteroy.kommune.no, som gjerne vil ha ny kontaktperson for grava.

Meir info om dette og anna finn du på www.meland-kyrkja.no

Slekters gang

Døpte

04.02.2018

Celina Skarsvåg Førland

25.03.2018

Jacob Sagstad

11.02.2018

Viljar Fugelsbø-Nyheim

Jonas Lie Sandal

Ulrik Tellevik

Victoria Sørli

Aron Bjotveit Vang

17.02.2018

Thobias Hammer Herland
(Mariakirken)

25.02.2018

Milliam André Danielsen
Birkeli

04.03.2018

Sander Vabø Fuglevand

11.03.2018

Ole Rasmussen
Frønningen

Gravlagde

Meland kyrkje

02.02.18

Bente Karin Gripsgård
(f. 1944)

06.02.18

Randi Sola
(f.1931)

09.02.18

Aslaug Thorstensen
(f. 1933)

09.02.18

Erlend Håland
(f. 1980)

13.02.18

Inga Hjertås
(f. 1922)

16.02.18

Klara Pauline Husebø
(f. 1933)

09.03.18

Malfred Devold Kristiansen
(f. 1924)

10.04.18

Edvin Austegard
(f. 1936)

17.04.18

Ragnar Arve Hopland
(f. 1939)

REMA 1000

FREKHAUG SENTER

tlf.: 56 17 60 00



KIWI mini pris

for alle med sans for lavpris
FREKHAUG SENTER
Åningstider: Man.-fred. 9.00-22.00
Lørd. 9.00 - 20.00

HELÅS AS

- Gravminner og benkeplater
- Salg av nye steiner
- Vedlikehold
- Reprasjoner (nytt gull eller lakk)
- Navnetilføyelse
- Arbeid på kirkegårder (rette opp og sikre steiner)

Bare ta kontakt dersom du har spørsmål.
Tlf 93 03 75 94 / 56 37 35 45



Telefon: 56 17 07 10 Telefaks: 56 17 07 11

Besøksadresse og Postadresse:
Melandsvegen 15, 5918 FREKHAUG

Mandag-Fredag 08.00-16.00 Lørdag : STENGT

For avtale etter kl. 16.00 alle hverdager,
ta kontakt på telefon: 56 17 07 10

Gravstein i alle utførelser
fra enkle og grove til
helpolerte.
Tilbehør til gravstedet
Tilførsler av navn
Oppussing vask, stell
Rehabilitering reoperasjon
www.eikner.no

STEINRIKET
EIKNER NATURSTEIN
Lokal representant
Rune Hjermann
Kyrkjesundsvegen 81, Holsnøy
Mob 91163120

Hageland

Søderstrøm Blomster og Hagesenter AS
Lyngvegen 1, 5914 Isdalså
tlf. +47 56 35 17 65
mobil +47 926 08 647

Meland Auto AS

Autorisert bilverkstad
www.melandauto.no

MCA

ALT I CATERING

NORDHORDLAND FOLKEHØGSKULE
www.catering.com • tlf. 56 17 43 23

GUDSTENESTE- KALENDER



Meland

Foto av Meland kyrkje: Morten Sæle

3. juni

11:00 - Gudsteneste v/Helge Hitland. Dåp, nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. 50-årskonfirmantar. Avslutning for Løvegjengen.

10. juni

11:00 - v/Helge Hitland. Anne Marit Fosse Dahle og Ruben Sæle. Samtalegudsteneste med konfirmantar. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

17. juni

11:00 - Prost Helge Taranrød. Dåp. Nattverd. Takkoffer Himalpartner.

24. juni

11:00 v/Geir Sørebo. Innsetjing Bjørn Tore Sæle. Nattverd. Takkoffer til Den Norske Israelsmisjon.

1. juli

11:00 v/Idar Simonsen. Dåp. Nattverd. Takkoffer til Fjon fjellkyrkje og ungdomssenter.

8. juli

11:00 v/Idar Simonsen. Dåp. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

15. juli

11:00 v/Knut Farstad. Dåp. Nattverd. Takkoffer til Himalpartner.

22. juli

11:00 v/Idar Simonsen. Dåp. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

29. juli

11:00 v/Idar Simonsen. Dåp. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

5. august

11:00. Dåp. Nattverd. Takkoffer til Himalpartner.

12. august

11:00 v/Bjørn Tore Sæle. Dåp. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

19. august

11:00 v/Bjørn Tore Sæle. Nattverd. Oppstartsgudsteneste og ranselbøn. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

26. august

Holmeknappen. 11:00 v/Bjørn Tore Sæle. Gudsteneste på Holmeknappen i samband med Kystsogevekene

2. september

11:00 v/Helge Hitland. Dåp. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

8. september

11:00 og kl. 13:00 v/Bjørn Tore Sæle. Konfirmasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

9. september

11:00 v/Bjørn Tore Sæle. Konfirmasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

15. september

11:00 og kl. 13:00 v/Bjørn Tore Sæle. Konfirmasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

16. september

11:00 v/Helge Hitland. Dåp. Nattverd. Takkoffer.



Tusen takk, Torbjørn!

Foto: Arve Kjell Uthaug

Søndag 8. april vart Torbjørn Aamli takka av som sokneprest i Meland, på gudstenesta og med ei samling etterpå.

